


SNERTEN



Nr. 27
Desember 2023
Årgang 13

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum

SKAPARGLEDE!



Ingeborg lagar seg langeleik!
Foto: Oddrun Hegge



Inger Ellen har det moro med dansedokker!
Foto: Paul Guanio-Uluru

I dette nummeret kan du mellom anna lesa om:

- Nordisk instrumentseminar på Fagernes
- Langeleiksamling på Sentralen
- Langeleiken frå 1524
- Dansedokker
- Om Torleiv Bolstad og langeleiken
- Innkalling til årsmøtet

Kjære medlemmer i Norsk langeleikforum



Snart skal vi gå inn i år 2024. Det kan vi gjøre til et helt spesielt år for oss langeleiksvenner og for andre som ennå ikke er blitt det! Det er 500 år siden Hasvoldseterleiken fikk innskriften 1524! Og hele veien fram til i dag har tradisjonen bestått. Folk har spilt, samlet, lært seg og lært bort. Det har vært dynamikk og endringer, men vi har ikke vært nødt til å gå til musikalske «arkeologiske» metoder for å finne stoff, det er levende og det skal det fortsatt være! I skrivende stund begynner arbeidet med å søke om midler til markeringer

rundt om i landet. Vi i styret tar gjerne imot innspill og ideer til hvordan dette jubileumsåret kan markeres. Det trenger for så vidt ikke å gå gjennom styret heller, men være en bevissthet i oss alle om å synliggjøre det rike og spesielle med vår tradisjon og musikkglede. Vi oppfordrer alle medlemmer om å holde ørene og øynene åpne for ulike markeringer!

Valdreslaget i Oslo har utvidet sine øvingskvelder i høst, slik at annenhver tirsdag har nye medlemmer spilt, mens tidligere medlemmer øvde den motsvarende tirsdagen. Lærer har vært Andrea Søgnen, som studerer i Oslo nå og har lært både nye og «øvede» mange nye låter. Valdreslaget har nå lært seg en del Hallingdalstoff.

Styret arrangerte kurs og samspill i Oslo i november, slik som i fjor. Her var det også stoff fra Hallingdal, og Gunnlaug Lien Myhr og Andrea Søgnen var instruktører. Deltakerne fikk også innblikk i langeleiken historie og betydning i Hallingdal. Det var også en avdeling for nybegynnere, som Guri Svindahl i Valdreslaget ledet. Guri har ivaretatt nybegynnere som etter kurs har meldt seg inn i Valdreslaget i Oslo for å lære og å spille med andre. Flere fra styret var med på kurset. Det har vært fint, for alle styremøtene i år har foregått på nett, så det var fint å møte hverandre på ordentlig.

Vi planlegger nå et nytt kurs i vinter/tidlig vår, og denne gangen vil vi fokusere på Valdresstoff. Vi har fått lovnad om at vi kan søke Valdresmusea om lokaler, og det frister, for der har det vært gode og trivelige møter tidligere i langeleiksammenheng. Dette kan dere glede dere til!

En utbrytergjeng fra Valdreslaget i Oslo øver nå til en julekonsert-turné, der vi skal dekke tre institusjoner på en dag, med et variert program.

Det er gledelig å oppdage at flere langeleikspillere har egne konserter rundt i landet og deltar i andre musikeres konserter. Nivået er veldig bra og vi ønsker alle spillere all medgang!


Det er langeleikspill på videregående skoler og på akademiet i Rauland.

Norsk langeleikforums stipendordning fikk utvidet søknadstid i år og det er kommet inn gode søknader. Juryens avgjørelse blir kunngjort på årsmøtet i februar, følg med!

Mange langeleiksvenner følger med på Facebooksiden som heter Norsk langeleikforum. Dette er en uformell side der man ikke trenger å være medlem av vår organisasjon. Den fungerer som kommunikasjonskanal og til informasjon, riktig nok også innimellom med tilbud om å kjøpe nye sko o.l.. Nå er skissen til nye nettsider ute på høring og vi håper den kommer på plass om ikke så lenge, med både gammel og ny informasjon.

Det lakker mot jul - igjen. Denne høsten har vel ingen av oss unngått å ta inn over seg ufreden i verden, og vurdert hvordan man selv skal reagere på det som skjer. Høyere levekostnader skaper større skiller i vårt samfunn. Gjennom slike tider er det kanskje flere enn meg som kjenner at det er meningsfullt å lytte til instrumentet og å komme sammen og spille, å utvikle, begeistre og etablere fellesskap og vennskap. La oss fortsette med det. God høytid, ta vare på flokkene deres og send gode tanker til de som ikke er så heldige som oss!

Hilsen Inger Ellen, leder for NLF



Nordisk instrumentseminar på Fagernes

Tekst og foto: Sveinung Søyland Moen




Instrumentmakarane Gunnar Stenmark og Astrid Pullar i samspel på sekkepipe og hummel

Dei eldre, tradisjonelle og særeigne nordiske instrumentmakartradisjonane stod i sentrum for det nordiske instrumentseminaret som vart halde på Fagernes 8.-10. november 2023. Seminaret samla om lag 60 instrumentmakarar, musikarar, forskarar, museumstilsette, og andre interesserte, til samtalar om korleis sikra rekruttering til dei nordiske instrumentmakartradisjonane. Arrangørar var Valdresmusea, Valdres folkemusikkarrangement, Norsk folkemusikklag og Eric Sahlström Instituttet, med samarbeidspartnerane Nasjonalt museumsnettverk for musikk og musikkinstrument, og Ringve musikkmuseum og Rockheim.

Hovudmålgruppa for seminaret var instrumentmakarar frå heile Norden og den første dagen vart det halde verkstad for både unge og voksne. Dei unge fekk prøva seg som langeleikmakarar under stødig rettleiing av Oddrun Hegge og Mari Ormberg. Dagen vart avslutta med to foredrag, der deltakarane mellom anna fekk høyra Lisbeth Ahlgren Jensen presentera boka «Hortense Panum – En dansk pioner». Panum var musikkforskar og er i Noreg kanskje mest kjend for sitt arbeid med langeleiken.

Sjølve instrumentseminaret gjekk frå torsdag til fredag, og var delt inn i seks bolkar med ulike innfallsvinklar til det overordna temaet. Seminaret starta med ei statusoppdatering for instrumentmakarfaget i Norden, der publikum fekk presentert døme på rekrutteringstiltak Norden rundt. Her var òg ein samtale om rekruttering til instrumentmakarfaget med langeleikmakar Oddrun Hegge og violin- og hummelbyggjar Astrid Pullar. Neste bok la vekt på instrumentmaking som levande tradisjon og korleis desse stadig er i endring. Deltakarane fekk her mellom anna høyra Niels Røine fortelja om utviklinga av Røineleiken. Den første seminardagen vart avslutta med ein bok om instrumentforsking og i kva grad denne kan vera til nytte for instrumentmakarane.

Fredagen starta med ein bok frå museumssektor, der tre museum fortalte om si formidling av musikk og musikkinstrument frå ulike ståstader. Etter lunsj fekk publikum servert tre presentasjonar frå instrumentmakarar i Noreg, Sverige og Finland, med høve til å gå litt djupare inn i instrumentmakarfaget. Seminaret vart avslutta med ein oppsummerande samtale om rekruttering, der ikkje berre utdanningsinstitusjonar, men òg unge instrumentmakarar, var i panelet.



Interesserte seminardeltakarar. Foto: Anne Marit Noraker

Det var tre innhaldsrike og inspirerande dagar – vonleg vil det òg koma konkrete samarbeid frå samlinga. Heile seminarprogrammet kan lesast på Valdresmusea si heimeside: <https://valdresmusea.no/nordisk-instrumentseminar-2023>

Workshop for ungdom på det nordiske instrumentseminaret

Tekst: Oddrun Hegge

Kanskje var det eit genitrekk likevel å leggje workshop for ungdom 14-18 år til dagtid midt i veka?



Ivrige handverkarar i aksjon.

Foto: Anne Marit Noraker



Ingeborg Aabol var ein av ungdomane som fekk sett saman sin fyrste langeleik.

Foto: Oddrun Hegge

Det at heile ni elevar tok turen til museet for å få innblikk i instrumentbygging, seier litt om handverkslærar Øverseth si innsikt og ynskje om å prioritere praktiske fag ved Nord-Aurdal Ungdomsskule. Tre av dei er elevar i kulturskulen på folkemusikk, medan seks av dei var generelt handverksinteresserte.

Mari Ormberg tok med to hardingfelespelarar på gjennomgang av stell og vedlikehald av stillarar, stol, vask av boge og byting av strenger, medan Oddrun Hegge tok med langeleikspelande elev for å setja sammen byggesett av langeleik. Modellen var ein kurstilpassa, kortare type av leik frå nord-Valdres. Fire strenger var på etter fire timar (litt på overtid). Instrumentbygging kan litt forenkla delast i tre; snikkararbeid, kunst/utsmykking og musikk /bruksforståing. Det står altså att både utsmykking og rigging, som må vente til etter julestri.

Dei seks andre elevane fekk møte felemakarane Bård Rise Hoel og Knut Opheimsbakken. Det er ganske unikt å ha instrumentvekstad i nærområdet! Elevane fekk ein interessant dag i lag med nerdar, - men «uten nerden stopper verden» (hevdar Leiv Solberg), og kanskje vart det sådd nerdefrø som finn vegen attende til Instrumentverkstaden på Valdres Folkemuseum for meir næring i framtida. For arrangørane av Nordisk Instrumentseminar var det i alle fall veldig triveleg å kunne vise nordiske venner ein måte å drive praktisk fagformidling.

Fleire glimt frå workshopen. Foto: Anne Marit Noraker



Den eldste langeleiken

Tekst: Elisabeth Kværne Foto: Valdresmusea, henta frå boka Langeleiken

Eldste datering ein kjenner til på langeleik er leiken som Petter Hasvoldseter (1928-2012) i Vardal brukte. Årstalet 1524 er skore inn på stillarhuset.

Vi har i alt 4 langeleikar med datering frå 1500 talet på ulike stader; i Agder, Trøndelag, Telemark og denne frå Vardal. Alle har stiltrekk frå sine respektive tradisjonsområde. Slik er det òg med leiken frå Hasvoldseter. Petter Hasvoldseter og langeleiken hans har spelt ei sentral rolle i attreisinga av speltradisjonane i Vestoppland. Petter var aktiv i langeleikgruppa i Gjøvik spelemannslag frå 1980. Han forvalta ein familiетradisjon etter faren Arne, 1909-1969, og farsystrene Amalie og Nikoline.

Hasvoldseter ligg ved veggen mellom Gjøvik og Valdres. Ola Brenno, som budde eitt år i Vardal, besøkte Hasvoldseter fleire gonger. Det finst ei arbeidsteikning frå 1926 av denne leiken på Land Museum, signert A. Skj. Denne kan ein sjå på side 71 i boka om langeleiken.

1524-eksemplaret er uthola av eitt tresykke og har ingen botn. Sidene har fine profilar. Avslutninga av stillarhuset, eller toppen av hovudet, er meir som eit spir, karakteristisk for mange langeleikar i Vestoppland. Lydholet er forma som ein V. Vi tenkjer oss at dette er eit forenkla hjarta. Hjartesymbolet er framtredande i all folkekunst, og finst på nesten alle langeleikar. Lokskegget (enden der strengene går gjennom loket for å bli festa til stifter), er forma som seks tunger. Stillarhuset er gjennomskore, og har plass til fire, fine, tulipanforma stillarar. Fire stillarar går også gjennom sidene. Langelek fra Lunner har også fire stillarar gjennom kroppen og fire festa til hovudet. Denne, datert 1709 / 1785, har vore på Norsk folkemuseum sidan 1904-talet. (Det siste er truleg frå då han vart måla). Elles har dei fleste langeleikane frå Vestoppland stillarhus i både endar og sju strenger.

Kjell Stokke drog i gang registrering i Vestoppland på 1980-talet. Då han kom til Hasvoldseter, fann han langeleiken hengande på veggen. Han spurte om denne var i bruk, og Petter svara «nei». Men leiken var stemt, så tvilen var stor. Den gjenoppdagte speltradisjonen vart til stor inspirasjon for langeleikmiljøet på Gjøvik,

og det vart laga mange kopiar av instrumentet gjennom byggegruppa i laget.



Langeleiksamling på Sentralen

Tekst: Sveinung Søyland Moen



Nokre av kursdeltakarane viser fram kva dei har lært (foto: Inger Ellen Kolbjørnsen)


Helga 4.–5. november inviterte Norsk langeleikforum til samling på Sentralen i Oslo. Det vart halde kurs på tre nivå frå nybyrjar til vidarekomen, og helga samla totalt 15 langeleikentusiastar. Samlinga hadde Hallingdalstradisjon som hovudtema. Gunnlaug Lien Myhr og Andrea Søgnen instruerte dei vidarekomne i Hallingspel på langeleik. I tillegg vart det halde nybyrjarkurs med Guri Svindahl.

Som avbrekk i kursøktene var det òg inspirasjonsforedrag. Gunnlaug og Andrea gav ein fin introduksjon til langeleikspel i Hallingdal, der deltakarane fekk høyra både om dei viktigaste eldre kjeldene og om tilgjengelege plate- og bokutgjevingar med låttemateriale. Ein flott introduksjon for dei som ønskjer å fordjupa seg vidare i Hallingdalstradisjonen!

I tillegg fekk deltakarane eit innslag om dansedokker, som òg inneheldt ei oppmading om å gå heim og laga eigne. Inspirert av nyleg deltaking på Internasjonal figurfestival, presenterte Inger Ellen Kolbjørnsen og Cathrine Stephansen nylaga dansedokker. Tilhøyrarane fekk presentert dokker til ein kvar bruk – vonleg til inspirasjon for eiga dokkemaking. Inger Ellen hadde òg fått tak i ei mengd nye snertar til samlinga, laga av Oddrun Hegge. Det var flott å kunna prøva litt ulike typar gjennom helga, og slik kunna reisa heim med både nye snertar og nytt repertoar i bagasjen!

Ny bok!

I desse dagar kjem boka med historier om spelemannen Torleiv Bolstad ut. Her gjev fleire bidragsytalar eit godt bilet av spelemannen og tida han levde i. Tekstane i boka varierer i sjanger, her er det både intervju med familiemedlemmar og læresveinar, kåseri sagt fram i konsertsamanheng, fagartiklar og personlege minne og refleksjonar, med ei god blanding mellom skjemt og alvor. Eit godt alternativ til julegåve! Sjå elles Valdresmusea for tinging.



Tølleiv og langeleiken

Tekst: Elisabeth Kværne

Då Tølleiv tok til som folkemusikkinstruktør i Valdres i 1966 vart dette fyrst eit løft for hardingfelemiljøet. Men Tølleiv var godt kjend med langeleik då kona, Kjellaug, hadde leik heimanfrå Dale. Arne Røine var ein god ven og ein stødig tradisjonsberar og langeleikspelar.

På 60-talet skulle Olav Viken laga langeleik til dottera Inger Marit. Dette drøfta han sjølvsagt med Tølleiv. Tølleiv tok òg initiativ og inspirerte Knut Snortheim og Haldor Røyne til å byggje seriar av instrument.

Langeleiken fekk eit betydeleg løft og vart eit betre instrument.

Tølleiv tok òg fatt i det musikalske, og fekk spelarar til å jobbe systematisk med speleteknikk og forståing av låttane. Knut Steinsrud og Tølleiv var nære vener. Knut fekk Haldor Røyne til å laga leik til dei tre døtrene sine. Bjørg og Kari jobba seinare i lag med Tølleiv på Valdres Folkemuseum.

Også eg fekk jobbe med Tølleiv. Dette kan du lesa meir om i boka. Han oppmoda meg mellom anna om å lære fleire låttar og få meir mangfold i musikken. Han var svært begeistra for låttane som fekk nytt liv frå notemateriale og skriftlege kjelder.

Eg oppmodar alle med hjarte for langeleiken om å lesa boka og såleis bli betre kjend med Tølleiv.

Dansedokker på Figur i Fossekleiva

Tekst: Inger Ellen Kolbjørnsen og Cathrine Stephansen Foto: Paul Guanio-Ulluru

Figur i Fossekleiva er en internasjonal figurteaterfestival som finner sted på Fossekleiva Kultursenter i Berger i Drammen. Gjennom ei uke er det forestillinger og workshops knyttet til figurteater, eller dokketeater som vi også kjenner det som. Inger Ellen deltok i år på en workshop der de lærte å lage dokker av ulikt skrap, med mål om å lage ei morsom dansedokke til langeleiksspill.



Hyggelig med publikum tett på.

Da arrangørene fikk høre at dansedokker har vært brukt sammen med langeleik, ble vi invitert til å holde demonstrerte. Heller ikke alle norske deltakerne kjente til

instrumentet fra før.

Konserten ble veldig uhøytidelig og publikum fikk stå tett på oss i ring rundt bordet der vi spilte, så de kunne komme næر på dokkene.

Inger Ellen hadde med sin lille jentedokke «Mai», som henger i tråd fra stativ, og gjorde stor lykke med den nye «metallskrapdokka»



Dansedokka «Skranglemøy» i fint driv.

«Skranglemøy», som hun hadde laget samme dag. Det er alltid spennende om ei ny dokke kan danse skikkelig, og det kunne «Skranglemøy». Cathrine hadde med spel-sauen Lambi og den stolte hane-pane Kykkelykke, som begge er ulldokker på stang, laget i tekstilteknikker.

Det var veldig hyggelig å vise fram dansedokker til langeleiksspill til et voksent og lekent publikum som selv jobber med figurteater, og folk syntes det var et morsomt innslag. Vi har vel begge fått litt dilla på å lage gøyale dokker og teste ut hvor lette de er å få til å danse.

Takk til Paul Guanio-Uluru ved Fossekleiva Kultursenter for bruk av bilder.

Lys og glede i ei mørk førjulstid

Viken langeleiklag har innført ein god tradisjon i Nordre Follo ved at dei reiser rundt og underheld på sjukeheimar i kommunen. I skrivande stund har dei hatt konsertar på tre institusjonar for eldre, noko som bebruarane set stor pris på. Ein av tilhøyrarane hadde til og med hatt Barbro Myhre som lærar på barneskulen og hugste henne godt!



Her er den gledespreiande gjengen: Frå venstre Cathrine Stephansen, Inger Ellen Kolbjørnsen, Eivind Lorentzen, Guri Svindahl og Brit B. Totland. Foto: Cathrine Stephansen


Innkalling til årsmøte i Norsk langeleikforum på Valdres folkemuseum lørdag 10.februar 2024

Innkomne saker må være styret i hende innen 12. januar:
sendes på e-post til langeleikforum@gmail.com

- Sak 1 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 2 Valg av ordstyrer, referent og tellekorps
- Sak 3 Registrering av de med stemmerett og fullmakt
- Sak 4 Årsmelding
- Sak 5 Regnskap
- Sak 6 Fastsettelse av medlemspenger
- Sak 7 Arbeidsplan for 2020
- Sak 8 Budsjett
- Sak 9 Valg
- Sak 10 Innkomne saker

NB! Sett av helgen 10.- 11. februar til langeleiksamling på Fagernes! Følg med for mer info på facebook og epost.

Hilsen Styret



Styret i NLF 2023:

Leiar:

Inger Ellen Kolbjørnsen

Styremedlemmer:

Magnhild Karsrud

Håvard Bergheim

Karine Kjellberg Granli

Lise Karin Meling

Varamedlemmer:

Eivind Lorentzen

Andrea Søgnen

Sveinung Søyland Moen

Heimeside: www.langeleikforum.no

facebook: Norsk langeleikforum

e-post: langeleikforum@gmail.com

Medlemspengar 2024: 200 kr

Kontonr. 1503.14.71807

Vipps: 136475

Snerten er takksam for bidrag frå medlemene. Frist for stoff til neste nummer er 1. juni 2024. Send det til gu-he@online.no.

NLF ynskjer alle ei

God Jul